

Sak 3

Førebels rapport for arbeidsprogram Bergen ungdomslag Ervingen, 2023-2024

Hovudoverskriftene for arbeidsprogrammet i 2023 og 2024 har vore fokus på instruktørane i laget samt dugnad og relasjonane utover.

I laget vårt skal det vera trygt å vera instruktør, og alle instruktørane skal kjenna seg godt tekne imot. Laget har i perioden jobba for at instruktørane skal få reisa på kurs og samlingar slik at dei får nye impulsar, kunnskapar og motivasjon. Via fordjupingsprosjektet for folkemusikk og folkedans for ungdom har instruktørar frå laget vårt, andre lag og kulturskuler i Vestland laga eit nettverk for instruktørar. Prosjektet fokuserer på fordjuping i folkemusikk og folkedans, for unge mellom 13 og 19 år. Barnelaget gjev også tilbod til sine faste instruktørar om å delta som observatør / assistent med på kurs for barnelaget, som vert halde av eksterne instruktørar, for på denne måten å kunne få ny kunnskap og bygge nettverk.

Laget vårt er drifta av dugnad. Den økonomiske situasjonen til laget krev også at dei ulike særлага i størst mogleg grad underbygger eiga drift med ulike typar dugnad som kan spare laget for utgifter og eller bringa inntekter som til drift. Hyttenemnda har skipa til hyttedugnader som gjer hytta meir attraktiv for utleige. I tillegg har mange stilt opp på dugnad til inntekt for laget ved konsertar og framsyningar på 17.mai og andre stader. Laget har i perioden hatt fokus på å jobba for at fleire vert med på dugnaden, og for at alle opplever at dei vert tekne godt imot når dei stiller på dugnad. Styret har begynt å revidere og sette opp systematiske oversikter og planer for drifta av større tilskipingar som 17-mai og julelagsmøtet slik at det skal bli lettare å delta på dugnad for dei som er nye eller av ulike grunnar ikkje har delteke tidlegare. Ved skiping av Vestlandskappleiken vart det lagt til rette for ein større dugnad der mange frivillige frå ulike særlag, samt føresette til barn i juniorspelemannslag og barnelag møttes på tvers og arbeida saman.

Laget har eit ønske om å jobba med å styrkja relasjonane til andre lag og grupper. Som eit av dei store ungdomslaga i Hordaland har me eit ekstra ansvar for å visa at samarbeid, inkludering og fellesskap er viktig, både innanfor eige lag, men òg utover mot andre. Koret har samarbeidd med andre kor i byen og delteke på korkafé. Koret har også hatt eit samarbeid med Retro Singers, noko som førde til felles konsert til Oslo.

Hausten 2023 skipa Bul Ervingen til Vestlandskappleiken. I dette høve samarbeidde me med representantar for mange ulike lag lokalt, samt med FolkOrg. Også med tanke på samarbeid med andre lag og grupper har Fordjupingsprosjektet for ungdom bidrege positivt. Måndagsringen har skipa til UFO-dans kvar månad. I dette høve har det vore ope for at ulike grupper har fått melde seg til å spela, og tilskipingane har vore opne for alle som har hatt lyst å delta. Dette har dermed også vore ein arena for samhandling mellom ulike lag. To gongar i 2023 har Bule samarbeida med Bergen offentlige bibliotek om kulturkveldar der det også har vore ope for at ulike grupper har fått spela til dans, og tilskipinga har vore open for

alle som har ynska å delta, både for å lytte til musikken og danse sjølv. Både Audhilds og Kvedargruppa har bidrege med spel og song, og Onsdagsringen har i dette høve lagt øvinga si til tilskippinga og har dansa der. I tillegg har som vanleg både Dans- og spelmaraton og Kulturnatt tilskippingane i Gimle vore ope for alle som har ynska å bidra med spel eller har ynska å kome for å dansa.